



Møteprotokoll

Utval:	Utval for oppvekst
Møtestad:	Vikane skule/Vikane barnehage
Dato:	05.05.2026
Tid:	Kl. 11:00 - 15:00

Følgjande medlem møtte

Ellen Hilde Hauge
Ingrid Røe Maurset
Anders Hamre Sveen
Arnt Magne Paulen
Oddbjørn Reme
Rune Egil Myklebust

Parti

H
H
R
Sp
Sp
Sp

Forfall meldt frå følgjande medl.

Anita Linda Pettersen Almskår

Parti

Ap

Følgjande varamedlem møtte

Parti

Underskrifter:

Arnt Magne Paulel
-leiar-

Ingrid S. Renberg
Kommunalsjef oppvekst

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
006/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
007/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
008/26	Referatsaker
009/26	Bustadpolitisk handlingsplan 2026–2034 – Stryn kommune
011/26	Framlegg til høring av skulerute
010/26	Godkjenning av årsmelding 2025

006/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Utval for oppvekst 05.05.2026:

Handsaming:

UOP- 006/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

007/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Utval for oppvekst 05.05.2026:

Handsaming:

UOP- 007/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

008/26: Referatsaker

Utval for oppvekst 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunalsjef Ingrid S. Renberg orienterte om følgjande:

Innmelde spørsmål frå politikarar:

- Bruk av miljøretteleiarar og miljøarbeid i skule
- Språkbruk i skule og handtering av avvik og praksis
- Bruk av SFO-midlar og øyremarka tilskot
- Demografi og alderssamansetjing blant tilsette i oppvekst
- Rekruttering og søkjartal i skule og barnehage
- Vikarsituasjon i skule og barnehage
- SFO-ordningar og 5-dagars skule (orientert om og svart ut i e-post til utvalsmedlemmane 4. mars 2026).

Tillegg frå orientering i møtet:

Kommunalsjef orienterte om at tilbagemeldingar frå Skyss viser at noverande ordning med midtskyss allereie krev tilpassingar mellom skulane, og at ei eventuell utviding til 5-dagars skule vil gi vesentleg auke i talet på midtskyssar (potensielt opptil fire per veke per skule). Det vart vidare orientert om at

dette gjer logistikk og skyssløysing krevjande innanfor dagens struktur.

Utvalsmedlemmar stilte spørsmål om moglegheit for å kompensere med til dømes leksehjelp, SFO og kulturskule. Kommunalsjef viste til at desse tilboda er frivillige, og peika på at endra skyssopplegg kan få konsekvensar for reell tilgjenge til slike tilbod som skal vere frivillige. Det vart opplyst at saka blir følgd opp vidare i dialog med Skyss, og at ny avklaring blir lagt fram for utvalet.

- Statlege tilskot til barnehagebemanning
- Tilskotsordning for meir praktisk skule
- Status for kommunedelplan oppvekst
- Fråværsreglar i vidaregåande skule (avklart som fylkeskommunalt ansvar)

Orienteringssaker frå kommunalsjef:

- Kommunen si rolle i krise og krig – oppvekst som samfunnskritisk sektor
- Høyring om mellombels opplæring utanfor elevgruppe
- Forlenging av leiarengasjement i barnehage
- Mobbeombodet – informasjon og bruk
- Plan for kommunalt brukarråd/dialogarena med FAU-leiarar, oppstart haust 2026
- Tonning-tomta og konsekvensar for barnehage/helse (vidare oppfølging til neste møte)
- Kapasitet og areal ved Tonning skule og SFO
- Sjukefråvær i oppvekst pr. mars 2026
- Oppfølging etter politisk workshop 28. april 2026

UOP- 008/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

009/26: Bustadpolitisk handlingsplan 2026–2034 – Stryn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 04.05.2026:

Handsaming:

Rådet ønskjer å kome med slik uttale:

Viser til formålet med bustadpolitisk handlingsplan og berekraftig omstilling.

Det er viktig at ein brukar rett omgrep om rett bustad, og at kommunen legg til rette for bustadar som gjer at eldre kan bu heime lenger, og at ein stimulerar til tilflytting til kommunen.

Kommunen må legge til rette for bustadar der folk kan velje om ein vil kjøpe eller leige.

Kommunen må vere dørøpnar for Husbanken og bindeledd til utbyggjarane.

Rådet ønskjer at Stryn kommune må satse på bustadbygging i områder som har gåavstand til sentrum. Ønskjer at kommunen skal initiere sameige/burettslag med fellesfunksjonar som fordelar utgifter på fleire. Dette kan få ned lånekostnader for dei som skal bu der.

Administrasjonen må sjå den bustadpolitiske planen og planen for helse i samanheng.

Kommunedirektøren sitt framlegg med tillegg frå Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne samrøystes tilrådd.

REF- 010/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne viser til formålet med bustadpolitisk handlingsplan og berekraftig omstilling.

Det er viktig at ein brukar rett omgrep om rett bustad, og at kommunen legg til rette for bustadar som gjer at eldre kan bu heime lenger, og at ein stimulerar til tilflytting til kommunen.

Kommunen må legge til rette for bustadar der folk kan velje om ein vil kjøpe eller leige.

Kommunen må vere dørøpnar for Husbanken og bindeledd til utbyggjarane.

Rådet ønskjer at Stryn kommune må satse på bustadbygging i områder som har gåavstand til sentrum. Ønskjer at kommunen skal initiere sameige/burettslag med fellesfunksjonar som fordelar utgifter på fleire. Dette kan få ned lånekostnader for dei som skal bu der.

Administrasjonen må sjå den bustadpolitiske planen og planen for helse i samanheng.

Inkluderingsutvalet 05.05.2026:

Handsaming:

Randi Lillestøl gjekk gjennom endringar sidan sist.

-Det er lagt opp til at ein kan bygge boligar der bukostnadane er overkommelege. Det er bra.

- Sosiale soner er viktig for god inkludering.

-Viktig å legge til rette for at flyktingar også kan bu utanfor Stryn sentrum.

- Viktig å gå i frå plan til handling. Starte søknad til Husbanken.

Torstein Tvinnereim (V) kom med slik tilleggsframlegg:

Det vil vere viktig å prioritere at familiar kan bli buande i kommunen. Dette kan vere ved å ha eit fond som hjelper familiar til kome innanfor og etterkvart få lån i Husbanken. Inkluderingsutvalet oppfordrar til at kommunen hjelper familiar til å kunne få etablert seg i kommunen så langt som råd er.

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg frå Torstein Tvinnereim vart samrøystes tilrådd.

IU- 009/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.

2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Det vil vere viktig å prioritere at familiar kan bli buande i kommunen. Dette kan vere ved å ha eit fond som hjelper familiar til kome innanfor og etterkvart få lån i Husbanken. Inkluderingsutvalet oppfordrar til at kommunen hjelper familiar til å kunne få etablert seg i kommunen så langt som råd er.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 015/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Utval for oppvekst 05.05.2026:

Handsaming:

I samband med saka peika Anders Hamre Sveen (Raudt) på utfordringar knytt til korttidsutleige og ønskte kartlegging av ledige bustader, hus og tomter som står ubrukte. Kommunalsjef tek dette vidare til samfunnsavdelinga.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UOP- 009/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

011/26: Framlegg til høring av skulerute

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Er at forslag til skulerute blir lagt ut på høyring i 6 veker.

Utval for oppvekst 05.05.2026:

Handsaming:

Utvalet vart orientert om framlegg til skulerute for skuleåret 2027–2028. Skuleruta skal leggjast ut på offentlig høyring i seks veker før vidare politisk behandling og endeleg vedtak i kommunestyret. Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

UOP- 011/26 Vedtak:

Forslag til skulerute blir lagt ut på høyring i 6 veker.

010/26: Godkjenning av årsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner den framlangde årsmeldinga for Stryn kommune for 2025 slik den ligg føre.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 016/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner den framlangde årsmeldinga for Stryn kommune for 2025 slik den ligg føre.

Utval for oppvekst 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

UOP- 010/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner den framlangde årsmeldinga for Stryn kommune for 2025 slik den ligg føre.